



Vedtekter for bruk av konsesjonsmidlar i Samnanger kommune

Mål

Fondet har som mål å fremja fisk-, vilt- og friluftformål som grunnlag for helsefremjande, trivselsskapande og miljøvenlege fritidsaktivitetar i Samnanger kommune.

Kven kan søkja?

Fondet kan nyttast til tiltak som tek vare på eller betrar tilhøva for fisk, vilt og friluftsliv i Samnanger kommune. Privatpersonar, frivillige organisasjonar og offentlege instansar kan søka om tilskot.

Døme på tiltak:

- Vilt og fiskekultivering.
- Tilrettelegging for ålmenta sin bruk av utmark.
- Kartlegging av vilt og fiskebestand.

Fordeling av tilskot

Grunnkapitalen i fondet skal alltid vera større enn kr 80 000. Det vert teke sikte på å fordela inntil kr 110 000 i året, men dersom særleg gode søknader ligg inne så kan det brukast større summar enn dette, så lenge det ikkje går utover punkt 1. Det vert ikkje gjeve tilskot til prosjekt som kan gjera skade på viktige miljøverdiar.

Dei faste årlege utgiftene skal dekkast først. Dette gjeld:

- Samnanger Jeger og Fiskerlag får kr 20 000 som driftstilskot kvart år. Tilskotet vert sendt ut etter innsending av årsmelding frå laget der det vert vist at det har vore aktivitet som er i samsvar med formålet til fondet. Arbeidet som inngår i dette er å arrangera jegerprøvekurs, drift av klekkeri for lakseyngel, organisering av sal av fiskekort og jaktkort.
- Leige av grunn for laksetrapp i Tysseelva. Kr 5 000 (indeksregulert).

Dersom det er naudsynt med prioiteringar av søknader vert desse tilhøva vektlagt:

- Fisketiltak.
- Tiltak i nedslagsfelt for regulerte vassdrag.
- Tiltak som gagnar ålmenta.
- Delfinansiering av tiltak som har fått løyving om tilskot frå miljøverndepartementet sine midlar.

Tilskotsatsar

Inntill 75% av kostnaden avhengig av andre finansieringskjelder og mengda tilgjengelege midlar i høve til søknadsmassen. Heile eller delar av fondet kan haldast attende dersom det ikkje ligg føre godt kvalifiserte søknader.

Søknadsfrist og sakshandsaming

Søknadsfristen vert sett til 1. april.

Naturutvalet i Samnanger fattar vedtak om løyving av tilskot.

For søknader som inneheld tiltak som krev godkjenning frå kommunen eller andre offentlege instansar, må slik godkjenning vera gitt før det kan løyvast tilskot.